

Grill-clash med punkerne

I Grillen på Sentret ser ein ofte nokre som skil seg ut frå den grå/illa massen. I staden for studentbunader av ymse slag (t.d. juss-stress og dressmappe eller samfunnsvitskapleg høsestrikk) er dei kledd i lærjakke, kjettingar, tryggingsnål i øyro, svartklatta auger og fargesprakande hår.

Me skipa til ein samtalte med to av desse (avkommet til The Aller Væreste?) nemleg 17-åring Betty og Stinn. Helst ville me ha tala med dei avsides på t.d. Grillen på Hotel Norge (baktanke: Kva ville våre studentvener seja om me vart observerte med slik berme?). Men med skepsis til »Norge» sine ynskjer om gjester som desse, valde me vår eigen, litt mindre fasjonable Grill. Takka vera Filmklubben, Bob Dylan, Rennaldo og Clara vart me velsigna fri for tilskodarar og åtgåum.

Me la att bære Sosiologi- og Psykologi-bokene heime, og freista å tala med dei i ein språkkode som alle interaksjonsdel-takrar burde vera predisponerte til å skjøna.

Me: I eit tidligare nummer av Kontrast las me at det eksisterte noko som heiter »punkerørslle. Me har observert at De har nokre karakteristika som fell sammen med dei me las om. Er De punkarar, og er denne rørsla enno eksistensberettigia?

*Stinn: PØNKEN ER DAUD! I
Stinn: PØNKEN ER DAUD! I
ALLEFALL I ENGLAND!*

*Betty: NEI, HER I NORGE ER'
DET FORTSATT PØNKARAR
OG PØNKEBAND.*

Me: Er De i opposisjon til det

etablerte samfunn på eit vis svarande til slik hippierørsla var det 60-åra?

Stinn: EG LIKAR IKKJE LANGHÅRA FOLK!

Betty: IKKJE SAMANLIKNA OSS MED HIPPIANE SJØLV OM ME OG ER OUTSIDARAR!

Betty: ME PRØVER Å FÅ TAK I LOKALE TIL Å SPELA OG VERA!

Etter kvart vart hjørnet vårt oversvømma med pønkjarar. Nokon litt moderat kledd, andre kunne fått festa lenke til halsbandet og nyitta som vakt-

musikken Dykker er sær ukomplisert, at ein finn få strukturar som kan bidra til å gje den interessant . . . ?

Stinn: ENKEL MUSIKK KAN OG VERA BRA!

Betty: VIKTIGAST ER DET AT



*Betty & Stinn - Før vi skulle ta bildet, forsvann Betty på dass.
Nysminka kom ho ut igjen og sa: »Faan, jeg glemte å pissee»*

Me: Eit føremål har De vel med kva De driv med, kva er merkje-saka Dykker?

Stinn: SPELLAR I BAND OG SYNS DET ER GØY!

bikkje med avskrekkjande effekt. Somme av dei verka likevel kanskje litt fært i ulve-kleda.

Me: Me har inntrykk av at

MUSIKKEN ER SÅ ENKEL AT ALLE FÅR LYST TIL OG KAN SPELA DEN SJØL.

Stinn: HATAR LYTTEMUSIKKEN TIL PINK FLOYD!

Politikk var dei ikkje særlig interesserte i, dei hata makt pengar, og snuten hadde også ikkje noko godt forhold til. Ellers fekk med veta at regga var »blåse»-musikk, ska delte meningar om new wave va vidareutvikla punk og at punken sa meir enn rocken. Johnny Rotten fekk sagt noko gjennom punken, andre satder hadde han fått slége ut tenna ved å freista det same.

Kyrkja hadde vore bra om dei hadde vorte nytta til konserter (og her var det nok ikkje tal om Duke Ellington-konertar!), anarkismen var noko dei trudde på, og sjekking fekk dei ordna på eit eller anna vis, utan at me følte trong til å presse vidare for å avlura den hemmeligheten.

Me: Om De tillet oss å vera litt uakademiske i framgangsmåten, ved at me ikkje avgrensar for mykje og om me ikkje legg for mykje vekt på formuleringssproblematisering: Kva slag sosiale og kulturelle aktivitetar driv De med utanom?

Stinn: EG LIKAR Å GRISE NÅR EG ET . . .

Betty: SAMFUNNSFAVTIMANE ER MOROSAME. ME KRANGLAR MED LÆRAREN, FOR HAN ER SÅ KOMMER-SIELL.

Me: De meiner kontroversiell?

Betty: KONTROVERSIELL JA, OG SÅ GJER EG UT EIT BLAD SOM HEITER »FRUKTNÆSK»

Stinn: . . . MEN EG LIKAR IKKJE MAT . . .

Betty: EG DRIV LITT KA-RATE.

forts. s. 20.

Stundset febr. 81.